



59 glade mottakarar.

Det var mange blide ansikt i Kulturhuset Husnes i kveld d  haustg vetildelinga til Sparebank1Stiftinga Kvinnherad vart avvikla. Og med god grunn!! Det vart delt ut n r 7 millionar kroner fordelt p  59 s knader. Ein del av dei heldige mottakarane var her fr  bygda, og representantar for Uskedal idrettslag tok den lette turen opp p  scenen 5 gonger i samband med ulike gode prosjekt.



Forn gde idrettslagsrepresentantar, Knut Johannes Ripel, Erlend Bj rneb le, Roar Musland, Helene H. Bj rneb le og Hilde Tungesvik Myklebust med nokre av mottakardiploma.

Største summen fekk idrettslaget til ny tidtakarbu i Fjellhaugen skisenter med 210.000 kr. Dette er eit fellesprosjekt med idrettslaga i Rosendal og Omvikdalen, men det er søkt i Uskedal idrettslag sitt namn. Den nye bua er planlagt litt høgare oppe. Det gir fleire fordeler. Det vert betre snøforhold, og dessutan er det eit pluss, særleg for dei yngre løparane, at dei unngår den kraftige stigninga like etter start. Elles fekk idrettslaget 58.000 kr til å innreie det nye lager- og utstyrshuset ved kunstgrasbanden. Klatregruppa fekk 45.000 kr til det gode arbeidet dei er i gang med for å utvikla aktivitetstilbodet sitt. I tillegg fekk laget gåve til merkeutstyr på Heio(18.000 kr) og utstyr til ATV.(25.000 kr).



Monica Herrmann takkar frå skulemusikken medan musikal Ebba H. Fossli viser fram diplomten.

Men det var fleire som kunne glede seg over store og betydningsfulle gåver. Uskedal skulemusikk fekk kjærkomne 100.000 kr til kjøp av nye instrument. Dei var også blant dei som var valde ut til å fortelje litt om aktiviteten sin og sei takkeord for gåva. Styrerepresentant Monica Herrmann som tok mot gåva saman med kornettist Ebba Herrmann Fossli, bar fram takkeorda og understreka kva det hadde å seia for drifta av laget.



[Ove Myhre og Audun Eik representerte friluftslaget.](#)

Uskedal friluftslag var også blant dei heldige denne kvelden. Dei fekk 45.000 kr til slåttestyr og varmepumpe. Dermed vert det mogeleg å realisera desse to tiltaka som har vore ønskte i fleire år.

Fleire andre lag med mange aktive uskedelingar mottok også gåver. Nokre av desse var også representert med uskedelingar som mottakarar på scenen. Torger Øye, Lars Wang og Tor Arne Nygård tok mot 45.000 kr til arbeidet dei driv i Veteranbuslaget HSD bilane. Jan Tore Johnsen var blant dei tre som mottok 100.000 kr då Kvinnherad lokallag av NFU fekk denne flotte summen i støtte til det gode og viktige tiltaket som sommarleiren deira på Halsnøy er.

Kjell Yri representerte Kvinnherad turlag då dei mottok 280.000 til parkeringsareal m.m. ved turstartpunktet ved Hellandsrundkøyringa. Utflytt uskedeling Terje Bakke var blant representantane frå Kvinnherad Bogeskyttarklubb som fekk 70.000 kr til 3D-materiell. I tillegg vart det delt ut gåver mange lag frå heile Kvinnherad. Ein del av desse har også uskedelingar på medlemslistene sine.



Tina Eik mottok gåva til klatregruppa i UIL.

Komplett liste over gåvene vil de etterkvart finne på heimesida til Sparebankstiftinga. Magnhild Haugland og Svein Arne Eidsvik frå styret i stiftinga var blant utdelarane. Dei vel 120 frammøtte vart servert rundtykke, masse gode kaker, kaffi, te og brus.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.  
Foto: Lars Wang og Thor Inge Døssland